



Vestfold og Telemark  
FYLKESKOMMUNE

# Regelverk for skuleskyss i Vestfold og Telemark



**Grunnskule og  
vidaregåande  
skule**

## Historikk

<b>Dato</b>	<b>Hending</b>	<b>Politisk sak</b>
15.12.2020	Vedtatt	Fylkestinget, sak 168/20

# Innhold

<b>Innhold.....</b>	<b>2</b>
<b>1. GRUNNSKULE .....</b>	<b>3</b>
1.1. Bakgrunn.....	3
1.2. Kven skyssretten omfattar .....	3
1.3. Skyssansvar.....	4
1.3.1. Fylkeskommunen sitt ansvar .....	4
1.3.2. Kommunen sitt ansvar.....	4
1.4. Økonomi .....	4
1.5. Samordning .....	4
1.6. Retningslinjer.....	5
1.7. Klagetilgang .....	5
<b>2. VIDAREGÅANDE SKULE .....</b>	<b>6</b>
2.1. Bakgrunn.....	6
2.2. Kven skyssretten omfattar .....	6
2.3. Dispensasjon.....	7
2.4. Skyssansvar.....	7
2.4.1. Fylkeskommunen sitt ansvar .....	7
2.4.2. Skuleeigar sitt ansvar.....	7
2.5. Samordning og transporttilbod .....	7
2.6. Retningslinjer.....	8
2.7. Klagetilgang .....	8

# 1. GRUNNSKULE

## 1.1. Bakgrunn

Fylkeskommunen har ansvar for å organisere skuleskyssen i samsvar med opplæringsloven § 4A-7, kapittel 7 og 13, og friskuleloven § 3-7 med tilhørende forskrifter.

Som skuleskyss reknast skyss mellom heim og skule/opplæringsstad. I dialog med busselskapa blir det lagt opp til ein meir fleksibel skuleskyss ved at elevane også kan nytte seg av rutebussar som alt er sett opp.

Fylkeskommunen skal organisere skuleskyssen i samråd med kommunen.

Kommunen pliktar, i samsvar med opplæringsloven § 13-4, å samarbeide om skyssen. Kommunen skal ta med skyssorganiseringa i sine vurderingar når timeplan og skulerute blir fastsett.

## 1.2. Kven skyssretten omfattar

Skyssretten omfattar elevar i grunnskulen, 1. - 10. trinn.

Følgande elevgrupper har rett til fri skyss:

- A. Elevar i 1. klasse som har meir enn 2 km mellom heim og skule/opplæringsstad ein veg, og elevar i 2. – 10. klasse som har meir enn 4 km mellom heim og skule/opplæringsstad ein veg.
- B. Elevar som på grunn av funksjonshemming, mellombels skade eller sjukdom, har eit dokumentert behov for skyss.
- C. Elevar som har plass i SFO, som på grunn av funksjonshemming, mellombels skade eller sjukdom, har eit dokumentert behov for skyss.
- D. Elevar som må nytte båtskyss mellom heim og skule/opplæringsstad.
- E. Vaksne elevar over opplæringspliktig alder som har meir enn 4 km mellom heim og skule/opplæringsstad, som ikkje har fått eller har fullført grunnskuleopplæring, og som har rett til full grunnskuleopplæring.
- F. Vaksne elevar over opplæringspliktig alder som på grunn av funksjonshemming, mellombels skade eller sjukdom, og som etter fagleg vurdering har rett til spesialundervisning på grunnskulenivå.

- G. Elevar ved privatskular, som mottar tilskot frå staten, har rett til skyss etter same reglar som ved offentlege skular. Retten gjeld berre for den delen av skulevegen som ligg innanfor eleven sin bustadkommune.
- H. Elevar med særleg farleg eller vanskeleg skuleveg.

## **1.3. Skyssansvar**

### **1.3.1. Fylkeskommunen sitt ansvar**

Fylkeskommunen sitt ansvar for skyss gjeld tilkøyring og heimkøyring jf. rett til skyss nemnd i pkt. 1.2.A – 1.2.G.

### **1.3.2. Kommunen sitt ansvar**

Kommunen sitt ansvar for skyss gjeld rett til skyss nemnd i pkt. 1.2.H.

Kommunen har i tillegg ansvar for følgande:

- A. Innlosjere elevar når dagleg skyss ikkje er forsvarleg.
- B. Nødvendig tilsyn med grunnskuleelevar og vaksne elevar før og etter undervisningstida, og under transporten ved behov.
- C. Nødvendig reisefølge/følgeperson for dei grunnskuleelevane og vaksne elevane som ikkje kan reise aleine.
- D. All skyss i samband med skulens aktivitet i og utanfor skuletida.
- E. All skyss i samband med undervisning utanfor skulen sitt geografiske område.
- F. All skyss til annan skule enn nærskulen.

## **1.4. Økonomi**

Kommunen skal betale eigenandel for skyss av elevar i samsvar til skyss nemnd under pkt. 1.3.1.

Kommunen har heile det økonomiske ansvaret for skyss nemnd under pkt. 1.3.2.A – E.

Kommunen er økonomisk ansvarleg for ekstrakostnadene til skyss, og har ansvar for organisering av skyssen nemnd under pkt. 1.3.2.F.

## **1.5. Samordning**

Fylkeskommunen pliktar å sørge for at skyss av elevar i grunnskulen og den vidaregåande skulen blir samordna i størst mogleg grad og utført med ordinær kollektivtransport. Kravet om samordning gjeld også for funksjonshemma elevar.

## **1.6. Retningslinjer**

Fylkeskommunen har ansvar for å utarbeide retningslinjer for skyss av elevar i grunnskulen. Retningslinjene er eit verktøy i den alminnelege saksbehandlinga. Retningslinjene blir godkjent av fylkesrådmannen.

## **1.7. Klage tilgang**

Vedtak om skuleskyss er enkeltvedtak jf. forvaltningsloven § 2b.

Eit enkeltvedtak kan klagast på av ein part eller annan med rettsleg klageinteresse i saka, jf. forvaltningsloven § 28.

Forvaltningsloven § 29 fastset frist for å klage til 3 veker frå det tidspunktet orientering om vedtaket har nådd vedkomande part.

Klage på avgjersla om rett til skuleskyss blir sendt det forvaltningsorgan eller underinstans som har fatta vedtaket. Klager som ikkje blir tatt til følge, skal Statsforvalteren avgjere.

## 2. VIDAREGÅANDE SKULE

### 2.1. Bakgrunn

Fylkeskommunen har ansvar for å organisere skuleskyss i samsvar til opplæringsloven kapittel 7 og 13, og friskuleloven § 3-7 med tilhørende forskrifter.

Som skuleskyss reknast skyss mellom heim og skule/opplæringsstad. I dialog med busselskapa blir det lagt opp til ein meir fleksibel skuleskyss ved at elevane også kan nytte seg av rutebussar som alt er sett opp.

Skyssrett gjeld til vidaregåande skular innanfor det fylket eleven er folkeregistrert eller der fylkeskommunen kjøper plass for den enkelte elev på vidaregåande skular i andre fylke.

### 2.2. Kven skyssretten omfattar

Skyssretten omfattar elevar og vaksne som er tatt inn til alminneleg vidaregåande opplæring etter kapittel 3 i opplæringsloven. Skyssretten omfattar ikkje personar som er tatt inn til vidaregåande opplæring i bedrift etter opplæringslovens kapittel 4 (lærlingar, lærekandidatar, praksisbrevkandidatar og kandidatar for fagbrev på jobb), og personar som er tatt inn til vidaregåande opplæring spesielt tilrettelagt for vaksne etter opplæringsloven § 4A.

Følgande elevgrupper har rett til fri skyss:

- A. Elevar som har meir enn 6 km mellom heim og skule/opplæringsstad ein veg, sjå elles pkt. 2.3.
- B. Elevar som på grunn av funksjonshemming, mellombels skade eller sjukdom, har eit dokumentert behov for skyss.
- C. Elevar som må nytte båtskyss mellom heim og skule/opplæringsstad.
- D. Elevar som er utplassert som ein del av den obligatoriske undervisninga, har rett til skyss etter vanlege reglar for skyss mellom heim og skule.
- E. Elevar ved privatskular, som mottar tilskot frå staten, har rett til skyss etter same reglar som ved offentlege skular. Retten gjeld berre for den delen av eleven sin skuleveg som ligg innanfor fylkesgrensa.
- F. Elevar med særleg farleg skuleveg der skuleskyss ikkje kan bli utført av ordinære bussruter der eleven kan kjøpe månedskort.

## 2.3. Dispensasjon

Fylkeskommunen kan søke departementet om dispensasjon frå reglane om fri skyss.

## 2.4. Skyssansvar

### 2.4.1. Fylkeskommunen sitt ansvar

Fylkeskommunen sitt ansvar for skyss gjeld tilkøyring og heimkøyring jf. skyssrettar nemnd i pkt. 2.2.A – 2.2.F.

### 2.4.2. Skuleeigar sitt ansvar

Skuleeigar har ansvar for følgande:

- A. Skyss i samband med aktivitet på skulen, i og utanfor skuletida.
- B. Skyss i samband med undervisning utanfor skulens geografiske område.
- C. Hjelpe til med å skaffe losji når dagleg skyss ikkje kan nyttast.
- D. Nødvendig tilsyn med elevar før og etter undervisningstida, samt under transporten ved behov.
- E. Nødvendig reisefølge/følgeperson for dei elevane som ikkje kan reise aleine.

## 2.5. Samordning og transporttilbod

Fylkeskommunen pliktar å sørge for at skyss av elevar i grunnskulen og den vidaregåande skulen blir samordna i størst mogleg grad og utført med ordinær kollektivtransport. Kravet om samordning gjeld også for funksjonshemma elevar.

Elevar som har 6 – 40 km i avstand mellom heim - skule vil få tilbod om skyss via det kollektive rutetilbodet, og/eller tilbod om skyssgodtgjersle med eventuelle nødvendige dokumenterte tillegg.

Elevar med meir enn 40 km i avstand mellom heim - skule vil få tilbod om skyss via det kollektive rutetilbodet og/eller tilbod om skyssgodtgjersle med eventuelle nødvendige dokumenterte tillegg.



## **2.6. Retningslinjer**

Fylkeskommunen har ansvar for å utarbeide retningslinjer for skyss av elevar i vidaregåande skule. Retningslinene er et verktøy i den alminnelege saksbehandlinga. Retningslinene blir godkjent av fylkesrådmannen.

## **2.7. Klage tilgang**

Vedtak om skuleskyss er enkeltvedtak jf. forvaltningslovens § 2b.

Eit enkeltvedtak kan klagast på av ein part eller annan med rettsleg klageinteresse i saka, jf. forvaltningsloven § 28.

Forvaltningsloven § 29 fastset fristen for å klage til 3 veker frå det tidspunkt underretning om vedtaket har kome fram til vedkomande part.

Klage på avgjersler om rett til skuleskyss sendast det forvaltningsorgan eller underinstans som har gjort vedtaket. Klager som ikkje blir tatt til følge, blir avgjort av fylkeskommunens klagenemnd.



**Vestfold og Telemark fylkeskommune**  
vtfk.no

**Postadresse:** Postboks 2844, 3702 Skien

**Besøksadresser:** Fylkesbakken 10, Skien / Svend Foynsgate 9, Tønsberg

**Kontakt:** 35 91 70 00 / post@vtfk.no

